



SAMAN OM FAMILIAR SOM TRENG OSS
– når foreldrerolla vert alvorleg utfordra

16.–17. oktober
på Rica Sunnfjord Hotel i Førde

Småbarnsdagar 2008

www.smabarnsdagane.no

TORS DAG 16. OKTOBER

- 09.00–09.45 Registrering, kaffi og rundstykke
- 09.45–10.00 Opning, kulturelt innslag
Opplæringsleiar og Dr. psychol. Kari Slinning:
- 10.00–11.00 Depresjon og angst i samband med fødsjar,
førekomst og risikofaktorar
- 11.00–11.15 Pause
- 11.15–12.00 Risiko for barnet når mor har psykiske vanskar
- 12.00–13.00 Lunsj
- 13.00–14.00 Støtte og behandling til mor, far og barn
- 14.00–14.15 Kaffipause
- 14.15–15.30 Kartlegging av depressive plager i svangerskap og barseltid.
Sentrale føresetnader ved innføring av screeninginstrument

FREDAG 17. OKTOBER

- 09.00–09.45 Når småbarnsforeldre blir ramma av alvorleg sjukdom,
v/rådgjever Tone Sellevold
- 09.45–10.15 Kaffi og frukt
- 10.15–11.15 Korleis kan nettverket hjelpe barnefamiliar som opplever
alvorleg sjukdom, Tone Sellevold held fram
- 11.15–11.30 Pause
- 11.30–12.30 Korleis kan vi ta vare på oss sjølve undervegs - og etterpå,
når vi har stått oppe i vanskelege arbeidssituasjonar
med born som har opplevd sorg og krise?
v/ psykolog Elin Hordvik
- 12.30–13.30 Lunsj
- 13.30–14.30 Ovannemnde tema held fram
- 14.30–15.15 "Rundebord", kaffi, evaluering og
utveksling kring kurset sitt tema



FØRELESARAR

Kari Slinning

Opplæringsleiar, forskar og Dr. psychol. Kari Slinning har arbeidd med sped- og småbarn og familiane deira sidan byrjinga av 1990-talet. Ho har erfaring frå både Aline spedbarnsenter og Nic Waal Institutt. Kari Slinning er no knytt til Nasjonalt kompetansesenter for sped- og småbarn, Psyk.helse/RBUP, Helse Sør og Øst og Nasjonalt Folkehelseinstitutt avd. barn og unge.

Særlege interesseområde: Betydinga av tidlege risikofaktorar for barn si utvikling, spesielt ruseksponering i fosterlivet og psykiske vanskar og stress hjå mødre i samband med svangerskap og fødsel. Kari Slinning har lang klinisk erfaring i arbeid med spedbarn og risikoutsette familiar. Publikasjonane hennar, mellom anna Dr. avhandlinga *A prospective, longitudinal study of children prenatally exposed to substances*, finn ein på www.r-bup.no

Tone Sellevold

Rådgjevar og sjukepleiar Tone Sellevold er tilsett i Kreftforeininga. Ho har lang erfaring frå arbeid med barn som pårørande, og har gitt råd, rettleiing, samt undervist familiar og nettverk. Tone Sellevold har arbeidd med barn både individuelt og i grupper, arrangert og delteke på familiesamlingar der ein av barnet sine

føresette er alvorleg sjuk eller død av kreftsjukdom, både på Montebello-senteret og her i fylket. Tone Sellevold har utarbeidd og førelese på tverrfaglege kurs for fagpersonar med tema: Barn og ungdom som pårørande i sorg og krise - kven ser, og kven tek ansvar?

Elin Hordvik

Cand. psychol. Elin Hordvik arbeider ved Senter for Krisepsykologi i Bergen. Ho har hatt eit særleg fokus på krise- og traumebehandling av vaksne og barn, og har tidlegare arbeidd på barneklirikken ved Haukeland sjukehus, m.a. med å utvikle psykososiale hjelpetiltak for familiar med sjuke barn og familiar som har mista barn. Elin Hordvik har leia tiltak for å betre helse-

og hjelpepersonell sin eigen situasjon i dagleg sorg- og krisearbeid både i og utanfor sjukehus. Elin Hordvik har dreve sorggrupper for barn, og har hatt ei rekke oppdrag for UNICEF i Russland, Midtausten, Afrika og tidlegare Jugoslavia. Ho har omfattande erfaring frå undervisning, og har skrive ei rekkje artiklar og bokkapittel som ein finn på www.krisepsyk.no

Stad: Rica Sunnfjord Hotel, Førde

Tid: Torsdag 16. og fredag 17. oktober 2008

Pris: Kr. 600,- for begge dagar

Påmelding: www.smabarnsdagane.no
Påmelding innan 19. september.
E-post: administrasjon@smabarnsdagane.no
Ved spørsmål, ring Familiehuset tlf.: 57 82 84 30

Betaling: NB! Påmelding er bindande.
Faktura vert sendt etter påmelding.

Målgruppe:

Helsesøstre, jordmødre, kommunelegar, personell ved fødeklinikk og barneavdeling, BUP, VOP, familiekontor, PPT, barnevern, barnehagar, pedagogar og psykologar og andre som arbeider med barn og familiar.

Godkjenning:

Kurset vil bli søkt godkjent av Dnlf og NPS, i høve spesialisering/fagleg ajourføring.

Arr: "Samarbeidsgruppa for sped- og småbarn i risiko for psykiske vanskar" Representert av Førde Bup, Hatlehaugen barnehage, Familiehuset og Barne-, ungdoms- og familieetaten i Førde.

